



Endeleg er breibandet på plass også i dei øvre delane av Uskedalen, nesten åtte månader etter at firmaet Direct Connect lova at det skulle vera montert.

Det skjedde for få dagar sidan og var snøgt gjort då montørane først kom.

- Dei var to mann og på ein halv time var alt klart, fortel Bjørg Inga Friheim Miljeteig til uskedalen.no og presenterer den vesle antenneboksen på verandaen (biletet).

Bjørg Inga er glad for å slå fast at alt fungerer perfekt teknisk sett. Ikkje minst den yngre generasjon er fornøgde med det som er skjedd.

Her på den øvste garden i dalen får dei signala frå Skårhaug-masta via ein spegel hos naboen Sigmund Myklebust.

Den same spegelen skal også sørge for breiband-signal til Møyfrid og Anders Ktistoffersen etter at dei om stutt tid har flytta inn i den nye bustaden sin i nærleiken.

Dei som bur vidare nedover i dalen får signala sine direkte frå masta på Skårhaug. Også dei er no godt fornøgde etter den lange ventetida og alle løftebrota frå leverandørfirmaet.

Fyrst fekk ikkje Direct Connect tilgang til ei mast på Ølve som Netcom eig. Så var det ikkje tilgang på montører i ferietida.

Men så gjorde initiativtakar Tore Mathiesen det klårt at det burde satsast på ein ny leverandør hvis breibandet ikkje var på plass innan utgongen av august.

Då vart det fart i sakene.

Av Ola Matti Mathisen